



24

Registreringskjema

for 4. klassenes

”Vann og dagliglivets kulturminner”

4. klasse ved:..... SÆBØ skole

Adresse :..... AUSTMARKA

..... 5938 SÆBØVÅGEN

Kontaktlærer:..... STEINAR VÅGENES OG INGUUNN F. VALDERSNES

Telefon :..... 56349800 E-post:..... stevaa@online.no

Privat 56370049

Fortellingen handler om: SÅPE”

Foto følger vedlagt: i papirkopi på CD

Klassen og lærer aksepterer at deres fortelling og bilde kan brukes digitalt /
og på nettsider: Ja

Fortelling og bilde sendes **innen 15. juni** 2009: Den norske kulturminnedagen
Stortingsgaten 12
0161 Oslo

Dagliglivets kulturminne

”Såpe”



Dagliglivets kulturminne:

Såpe og vatn.

Legenda fortel at etter dyreofring på fjellet Sapo, tok regnvatnet med seg dyrefeitt og oske nedover fjellsida. I elva nedanfor vaska damene kler. Kom denne blandinga på klerne, vart dei reinare enn elles.

Det var godt at såpa vart oppfunnen, for den løyser opp feitt og gjer at vatnet lettare kan vaska bort skit av både kroppen og klerne. Før kunne det gå veldig lenge mellom kvar vask, så både folk og kler kunne verta gamle og utslitne utan nokon gong å ha vore reine. Dronning Elizabeth vaska seg tredjekvar månad, enten ho trong det eller ikkje.

Det vert sagt at i gamle dagar var det mange som berre vaska seg ein gong i livet, og det var til bryllupet. Skikken med kroppsvask kvar laurdag kom på slutten av 1700-talet, for då var lus og skabb-midd plagsom.

Sjølv om det vart brukt vatn, var det mange menneske som døde av bakteriar og andre smitteting som dei ikkje fekk vekk når dei berre vaska seg med reint vatn. Når såpa kom, fekk både sjuke og friske vaska av seg bakteriane.

I begynnelsen vart såpe brukt som hårpynt og sårsalve. Ikkje eingong doktorane vaska hendene med såpe før 1850. Ved elvane i Irak er det funne leirtavler som viser bruk av såpe. Desse tavlene er ca. 4500 år gamle.

Kunsten å laga såpe av oske, feitt og vatn spreidde seg når arabarar, tyrkarar og keltarar erobra nye land. Vikingane introduserte "moderne" såpekoking i Noreg.

Når husdyra vart slakta, blei feittet rundt tarmane lagt i ei stor gryte, og kokt saman med vatn og oske eller kaustisk soda. Det var viktig å bruka oske av bjørk eller gran. Ikkje furuoske. Kaustisk soda kunne skada hud og auge.

Såpekoking lukta fælt. Det gav såpekokarane låg status. Såpa lukta heller ikkje godt, men gjorde nytten.